

FERSKE GEODATA TIL FRUKOST

Ferske Geodata Til Frukost
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Manger 02.05.2011

Miljøverndepartementet,
Pb 8013 Dep
0030 Oslo

Høringsuttale til forslag til forskrift om infrastruktur for geografisk informasjon (geodataforskriften)

Syner til høringsbrev frå Miljøverndepartementet dagsett den 31.01.2011, om ny geodataforskrift.

Ferske Geodata til Frukost prosjektet har som mål å beskriva den neste infrastrukturen i Norge digitalt. Prosjektet er i regi av Fylkesgeodatautvalet i Hordaland og Statens kartverk avd. Bergen, og ein vonar prosjektet har rett til å gje høringsuttale.

Forslag til ny geodataforskrift set fokus på korleis me skal få levert geodata til Europa. Ein kan ikkje gjere dette, utan å ha ein velutvikla infrastruktur i heimlandet. Prioriteringa for ei Norsk geodataforskrift skal vere fyrst for heimlandet sin GIS kvardag, dernest for korleis geodata skal gjerast tilgjengeleg for Europa.

Den viktigaste metadata – som skal inn i metadatakatalogen, er tid sidan siste oppdatering. Kor gamle geodataene er? Nei, kor ferske dei er! Geodataforskrifta må ta inn i seg eit viktig prinsipp for framtidens geodata; at dei skal være dagferske. Vi vil ha Ferske Geodata Til Frukost, for heile landet. Harmoniserte geodata til Europa foreslår ein skal være oppdaterte kvartalsvis.

Den nest viktigaste metadata – som skal inn i metadatakatalogen, er kvalitet. For geodata ein har utarbeidd produktspesifikasjonar for, skal data vere i samsvar med denne. Skal ein få til harmoniserte geodata til Europa, må dei vera kvalitetssikra på førehand.

Det viktigaste verktøyet - den neste infrastrukturen for geodata i Noreg er avhengig av eit nytt verktøy, GeosynkroniseringsAPI et. Det må vere semje om at dette er verktøyet som skal utviklast og nyttast, uavhengig av kva for programvare abonnent og tilbydar nyttar.

Welcome Europa! Make contact - be synchronized!

Lukke til vidare med arbeidet omkring forskrifta.

Med venleg helsing

(sign) Harald J. Stanghelle
ferskGIShovmeister

(sign) Hilde Lillelid Jacobsen
ferskGISservitør

